



Glade stipend-mottakarar saman med Turid Lande Solheim frå Marine Harvest(t.h.). Frå venstre Thomas Netland, Ragnhild Femsteinvik, Martin Femsteinvik og Vegard Døssland(Foto: T.I.Døssland)

Uskedalen sin lovande trompetist/kornettist, Vegard Døssland (19 år), vart i ettermiddag overrekket Marine Harvest Region Sør sitt Kultur- og Idrettsstipend. Overrekkinga skjedd i Marine Harvest sine lokale i Ølve. Med stipendet ønskjer Norges største lakseprodusent å stimulere unge talent og profesjonelle utøvarar som yter ein ekstra innsats i kultur- og idrettsliv i dei 11 kommunane dei er representert i. Region Sør strekkjer seg frå Sotra i nord til Flekkefjord i sør.

Tilsaman har laksegiganten gjeve stipend på 110.000kr til 7 talentfulle ungdommar i regionen. Turid Lande Solheim frå Marine Harvest som stod for overrekkinga i Ølve måndag ettermiddag, sa at ho var svært stolt av at 4 av stipendvinnarane kom frå Kvinnherad. Dei tre andre som alle representerer det imponerende idrettsmiljøet i Ølve/Hatlestrandområdet, var skiskyttarane Thomas Netland(19) og søskena Ragnhild(17) og Martin Femsteinvik(19). Dei to sistnemnde kan begge vise til medaljar i NM for junior. Ragnhild fekk 1 sølvmedalje medan Martin vann NM-tittelen både i sprint og normalprogram!

Vegard er svært glad for tildelinga som er til stor inspirasjon og hjelp til å utvikle seg vidare som muskar. Han treng investere i nye instrument og instruksjon for å kome vidare.

-Slike tildelingar som vi her får av Marine Harvest stimulerer til vidare satsing. Dei er heilt avgjerande for at vi skal kunne nå målsetjingane våre, seier den glade og takksame stipendmottakaren som legg til at det er ekstra viktig for dei som kjem frå mindre bygder og små miljø.

Merittlista hans er etter kvart blitt imponerende lang og mangfaldig. Vi nemner eit utval:

- Imponerende plasseringar i NM for solistar der han har vore beste trompetist i sin klasse dei to siste åra.
- Medlem i Det norske blåseorkester som vert dirigert av Ole Edvard Antonsen.
- Spelar denne sesongen solokornett i Jaren Hormusikkforening som fekk ein sterk 5.plass i eliteklasseni NM for brassband i år.
- Har delteke i både det engelske og det skotske brassbandmeisterskapet med det skotske korpset St.David's Brass frå Edinburgh.
- Har spela i hyllestkonsert for dirigenten og musikaren Dr. John Dickson.
- Fleire ulike konsertopptredener i Budapest.
- Hatt solistkonsert for eit stort publikum under Rosendal Musikkfestival 2010.
- Vann solistpris i Siddis Brass, 3.div., som 17-åring.

- Principal-kornettist i Hordaland Ungdoms Brass Band der han har opplevt å spele duett med Tine Thing Helseth. Har og spela med andre kjendisar.
- Flotte opplevsar med det lokale Jazzverket med tingingsverket Tida og Førjulsconcerten i Kvinnherad kyrkje som to høgdepunkt.
- Har vore innleigd på prosjekt i m.a. Hedmarken Symfoniorkester. Har siste året hatt forespørslar om vikaroppdrag i fleire elitekorps.
- Han har motteke Solsikkeprisen frå Kvinnherad kommune 2 ganger, i 2007 og i 2011.
- Nyleg deltok han i European Youth Brass Band som ein av 5 norske representantar. Det er nok eit foreløpig høgdepunkt i ei eventyrleg karriere.

Lokalt har han tidlegare spela med Rosendal Musikklag, Tysnes Musikklag, Sagvåg Musikklag og Brazzooka. Lengste fartstida har han hatt i Uskedal skulemusikk der han starta like etter tusenårsskiftet og var med ut fjorårssesongen.

Vegard har nett avslutta folkehøgskuleåret på Toneheim ved Hamar. Likevel er han travelt opptatt med musikk. Sist helg spela han både i bryllup og 50-årsdag. Tysdag trekkjer musikken han til Austlandet før han retunerer torsdag. Fredag ventar nemleg speleoppdrag her lokalt.

Sommaren vil han i hovudsak tilbringe heime i Uskedalen. Sommarjobben kallar. Han ser fram til å møte att kollegaer og kundar på SPAR Uskedalen.

Av: Ola Matti Mathisen



Dei er samde om at stipendet er svært inspirerende; Vegard Døssland, Martin Femsteinvik, Ragnhild Femsteinvik og Thomas Netland(Foto: Thor Inge Døssland)